

LOV OG EVANGELIUM

Oppbyggelig blad gitt ut av Norsk Luth. Lekmannsmisjon

Nr. 10

Desember 1973

9. årgang

Men dør det, gjev det stor grøda

*Det seier eg dykk for visst og sant,
fell ikkje kveitekornet i jorda og dør,
så er det og vert det berre det eine kornet,
men dør det — — ». Johs. 12, 24-26.*

Jesus står andlet til andlet med noken som «gjerne vil sjå Jesus». Eg trur nok dei gjerne vil verta Hans læresveinar, som Andreas var. Jesus såg nok kva som rørde seg i hjarta deira. Og så kjem dette underlege svaret: « — — fell ikkje kveitekornet i jorda og dør - -». Han snakkar sjølv sagt først og framst om seg sjølv. Han skulle døy. Og dette hører me så ofte sagt at me reknar med at det forstår me. Ja, med vetet forstår og trur kanskje dei aller fleste at denne hendinga er sann, historisk realitet. Men, du som les i denne stunda, har dette vorte røyndom for hjarta ditt?

Det er nok mange som kjem som desse grekarane og vil sjå Jesus, men som går sturne bort som den rike unge mannen me høyrer om. Kvifor? Lat oss sjå litt på Jesu svar: Dersom ikkje kveitekornet fell i jorda og dør - - 4. Skal du få sjå Jesus må nemleg du og alt ditt rydjast or vegen, det er det som stengjer. Jesus prøvde å røra aldri så lite med det som stengde hos den rike mannen, prøvde visa han sanninga, men då gjekk han bort. Korleis er det med deg? Har Jesus fått visa deg sanninga om deg sjølv? Har du sett at ingen av dine gjerningar kan stå seg for Han. Dei aller beste er for Gud som eit

tilsulka plagg. Esaias 64, 5. Yemmeleg altså. Har du sett at du ikkje kan omvenda deg, at du ikkje kan be ei bør som tekkjest Gud? Ikkje tenkja ein tanke som ikkje er tilslukta av egoisme — hovmod o.s.v. Ja, du vil ikkje ein gong? Har du sett dette? Ja, då er du trass alt heldig, for då har Jesus ved si ånd fått teke til å visa deg sanninga om deg sjølv. Men kva vil du nå gjera? Gå sturen bort? Eller vil du gi Jesus rett? For dette er sanninga. Men då er det umuleg for meg å verta frelst, seier du. Ja, det er sant, og det var det Jesus ville du skulle forstå. HAN vil setja deg fast. Han vil at du skal missa alt håp for deg sjølv og alt ditt slik at han kan få plukka fillene av deg.

Herren vonar å få høyra det samme av deg som av den bortkomne sonen: Eg har synda, og er ikkje verdig å kallast sonen din lenger». Ja, det er sant. Du er ikkje verdig. Du er verdig berre til ein ting og det er fortapelsen. Den har du fortent. Men - - alt er muleg for Gud.

Lat oss sjå litt på vers 25. Den som elskar livet sitt skal missa det, men den som hatar livet sitt i denne verdi skal berga det til eit eveleg liv». Sjå litt på dette. Du kan berga med deg alt ditt så lenge du lever. Kristendom, bøner og vitnemål o.s.v. Men den dagen du skal gå herfrå så gagnar dette deg ingenting. Ingenting av dette står for Gud. Så misser du alt og er fortapt. Men i dag, om du gir Jesus rett og let alt gå og stå der utan

håp — kva då? Jo, visst misser du alt dette for det står fast at ingenting av vårt kan stå seg framfor Gud. Men det skjer noko meir. Då — når du ikkje er meir, så kan du få auga på Jesus, det evige livet, stedfortredaren. Nå tek du til å hata alt ditt for det har berre vore i veien.

Nå kan Han få visa deg inn i den store løyndomen i Guds ord: Jesus er alt det du treng. Han levde som det eine fullkomne menneske på jorda som fullt ut var Gud til velbehag. Og dette gjorde han for deg. Dette er ditt hellige liv. Gud sparde ingenting i sin kjærleik. Han tok dette menneske som var Han velbehageleg, og la straffa på Han (i røynda var det Gud sjølv) for all den synd du har gjort. Ja, Han vant gjort til synd, til ei forbanning, berre for å lyøysa deg ut frå synda og forbanninga. Han sparer heller ikkje noko av ditt, men plukkar det av deg for å få deg til å ta imot det Han vil gi. Han lysta tatt liv for å gi deg det evige. Slik handlar kjærleiken. «Jesus har sett meg inn i barnekåret sitt, takk skal Han ha for det, alt det Han har er nå med rette også mitt, takk skal Han ha for det.» .. - - Men dører det, gjev det stor grøda».

Han er ikkje ferdig med sitt verk i og ved oss med dette. Nei, då hadde Han nok teke oss opp til himmelen i denne dag. Han har gjort seg avhengig av desse usle skapningane for å fremja sitt rike på jorda, ikkje berre ein og annan, men kvar einaste ein som eig det nye livet. Ikkje til å gjera store og gjeve verk, men til å gjera Hans vilje. Gjera Hans vilje akkurat der me lever heime og på arbeids-

plassen, på møte eller i forening. Kjem me med den bøna i hjarta at Herren må få virka det Han vil med meg enten Han vil eg skal teia eller tala.

Det nye livet er villig, og lir kvar gong ein forstår at nå har eg ikkje gjort de trette, «men akk jeg har et kjøt, som alltid gjør meg møye, det er nok dømt til død, men vil seg ikke bøye.» Den gamle Adam er rettnok krossfest, men ikkje død. Me lyst nok dragast med han så lenge me er i verda. Han protesterer vilt dersom Gud vil ha oss til å gjera noko som ikkje er behageleg for han. Han vil slett ikkje gå med på å bli vanæra, skjemma seg ut eller bli ydmyka. «Verste fienden bær eg djupt i min eigen barm - - »

Men korleis er det? Legg me ikkje ofte øyra til hans protestar? Eg lyst tenkja på kva ein tidlegare forkynnar sa: «Han gamle Adam har rett på hus, men ikkje på mat.» Mon ikkje me stikk til han litt av og til? Er enige med å spa han for ydmykelsen. Men ein annan forkynnar sa det slik: «Dersom vi går utenom en ydmykelse, går vi glipp av en velsignelse.»

Me går glipp av mange er eg redd, istaden for at me skulle legge det «døve øyre» til alle gamle Adams protestar og berre sjå i ordet. Og her lyst me frelsast kvar einaste dag frå å verta dirigert av denne gamle tyrannen. Og det skjer vel berre ved å verta verande i ordet. Her møter me både Jesus, oss sjølv og dei andre i rette lyset. Og her vert alt vårt overgjeve til døden kvar einaste dag.

Klara Haldorsen.

Hva er kristendom?

Av Øyvind Andersen

I vår forrige leksjon sa vi at i denne leksjonen idag skulle vi ta opp menneskets kamp med loven under loven. Sammenhengen er

den: Når Gud sender ut sitt kall til å ta imot frelsen i Jesus Kristus, er der ingenting i veien for at hvert eneste menneske som hører

Bladet Lov og Evangelium

Bladet blir sendt gratis til alle som sender eksp. namn og adr. Blir halde opp med frivilljuge gaver

Red. Amund Lid, tlf. 75. Norheimsund
Eksp.: M. Skumenes, Horneland, Stord
Postgiro: 42887, Stord

Utgjørvapoststad: 5400 Stord
Norsk Lutherisk Lekmanneslejon:
Formann: Olav A. Dahl,
boks 95, 5401 Stord. Tlf. (054) 10 482
Kaes. Sverre Behn, Norheimsund
postgiro nr. 68213
Bankgiro: Vlkøy Sparebank,
Norheimsund 3530.07.09492
S. Botnens Boktrykkeri, 5401 Stord

dette kallet kan ta imot det helt umiddelbart. Der er ikke satt opp noen som helst betingelse for å komme til Jesus. Så snart innbydelsen lyder kan mennesket der og da ta imot det som det hører og bli frelst. Men det gjør vi ikke de fleste av oss. Det kommer som regel av at vi ikke har mistet troen på oss selv på forhånd. Og istedenfor å ta imot kallet tenker vi: Jeg må bli annerledes, jeg kan ikke være som jeg er, nå må jeg begynne å ta det alvorlig med Guds vilje, kort sagt: Det kan ikke fortsette på denne måten. Og så begynner kampen med loven under loven, den som vi skal se litt nærmere på idag.

La oss da samles i bønn igjen. Kjære Jesus, nå ber jeg i ditt navn om det jeg trenger for å bære frem ditt ord på den rette måten, at det kan bli til virkelig hjelp for dem som hører på. Herre, jeg ber om at du må komme og frigjøre oss ved evangeliet. Det er det det gjelder for oss alle sammen, og at vi kan nå målet i ditt rike samtidig med at du kan bruke oss til din ære mens vi er her på jorden. Herre, vi ber om dette i ditt navn. Amen.

Jeg vil lese fra Rom. 7, 7-13. «Hva skal vi da si, er loven synd? Langt derifra, men vi kjente ikke synden uten ved loven, for begjærligheten kjente jeg ikke dersom ikke loven hadde sagt: Du skal ikke begjære. Men synden tok anledning av budet og virket allslags begjærlighet i meg, for uten lov er synden død. Jeg levde en tid uten lov, men da budet kom ble synden levende igjen, jeg derimot døde, og budet som var til liv, det ble funnet å være meg til død, for synden tok anledning av budet og dåret og drepte meg ved det. Så er da loven hellig og budet hellig og rettferdig og godt. Er da det som er godt blitt meg til død, langt derifra, men det var synden som skulle vise seg som synd idet den voldte meg døden ved det som var godt.» Amen.

Her hører vi hvordan det går når et menneske møter loven. Og for å få en oversikt over det som dette avsnittet inneholder, vil jeg sammenfatte det i tre stadier. Loven virker i og for seg det samme på alle mennesker. Lovens virkning er bare en. Allikevel får den forskjellig virkning på de forskjellige mennesker, fordi de forskjellige mennesker stiller seg så forskjellig til loven. Og som sagt for å gjøre det kort og lettere å huske skal vi sammenfatte det i tre stadier.

Det første er det som apostelen karakteriserer med disse ordene: Uten lov er synden død. Jeg levde en tid uten lov, sier han. Det er mange mennesker som vet at Gud er rettferdig, men de har aldri møtt Gud som en hellig Gud. De kan se sin synd, uten at de får noen større vanskelighet av det. De sier som så at vi kan da be om tilgivelse, og Gud vil vel tilgi oss for Jesu skyld, og så får vi gjøre så godt vi kan, vi får innrette vårt liv som det er best mulig for oss.

Gud vet vel det at vi holder ikke mål, vi er ikke fullkomne, men som sagt vi får be om tilgivelse for det som vi ikke greier, og Gud kan da ikke forlange mer enn vi er i stand til. *Dette er å leve uten lov! Dette er veien til*

fortapelsen! Og på denne veien går mange mennesker idag. På denne veien var også apostelen i tiden før han møtte Jesus.

Når han sier at han levde uten lov, betyr det på ingen måte at han ikke hadde kjennskap til den. Han kunne jo hele det Gamle Testamentet utenat, og like fra sin tidligste barndom hadde han kjennskap til loven, både dens bud og forbud. Selv sier han at han menneskelig sett var ulastelig etter loven, ingen kunne sette fingeren på et eneste punkt i hans liv og si at han hadde sviktet. Guds ord motties aldri dette hos Paulus. Allikevel var Paulus til denne tid ikke noen god mann, og han gjorde med alle sine lovgjerninger ikke en eneste god gjerning, tvert om var han en morder som fnyste av vold og mord mot de kristne, og unnså seg ikke for å ta deres liv hvis han mente det var nødvendig. Som en så treffende har sagt: Fariseerne ble onde i sitt forsøk på å være gode. Det gjaldt Paulus, og det gjelder også mange mennesker idag. Noen lever i åpenbare synder, andre prøver å gjøre lovgjerninger, men de har det felles at de kjenner ikke loven og synden er som død i dem. De tror at de kan leve med Gud på denne måten, og vet ikke sannheten om seg selv. Dette blir annerledes når vi kommer til det som jeg vil karakterisere som det andre stadium.

Da budet kom, sier Paulus. Det er et meget godt uttrykk. Da jeg ble truffet, sier vi. Det er ikke mange synder Gud behøver å peke på i vår tiv før vi skal bli truffet, det kan være en synd. Når et menneske er vakt, når det hører evangeliet og kallet til omvendeise, og det begynner å tenke med seg selv at nå må jeg bli annerledes, da blir de gjerne truffet av Gud. Og etter at et menneske er truffet, blir det aldri mer det samme som før. Enten bøyer et menneske seg, og da begynner en helt ny utvikling i det menneske sitt liv. Eller så motstår han det, og vet siden at han har motstått sannheten. Han vil siden gå med den bevissthet i sin samvittighet at han

var kalt av Gud. Gud hadde møtt ham og vist ham sannheten, men han ville ikke bøye seg.

Den som boyer seg, han kommer altså inn under det som jeg kaller det andre stadium. Det kan vi best karakterisere ved en stadig voksende erkjennelse av hva synd egentlig er for noe, en stadig voksende erkjennelse av hvem jeg egentlig er og hva jeg egentlig er. Apostelen sier, som du hørte i ordet jeg leste, jeg levde en tid uten lov, men da budet kom, da livnet synden opp, står det egentlig i grunn teksten. Da budet kom, da kom det liv i synden, jeg derimot døde, for synden tok anledning av budet og dåret — det vil si narret, bedrog — meg og drepte meg ved det. Vi tar oss sammen og sier til oss selv: Nå må jeg ta det alvorlig med Guds vilje, nå må jeg bli annerledes, og så setter vi vår vilje bakom. Og nettopp det at vi vet vi setter vår vilje bakom, gir en ganske stor frimodighet til å begynne med, og en er også mange ganger frimodig i sine vidnesbyrd, ikke minst overfor eldre kristne som en synes taler så altfor mye om sin skrøpelighet og at en kommer for kort. Nei nå gjelder det å ta det alvorlig, nå gjelder det å være en hundre prosent kristen, nå skal man innrette seg etter Guds ord, nå skal man gjøre det som Gud påbyr og så skal man la være det som Guds ord forbyr. Men det varer ikke lenge før man oppdager at man ikke greier det. Det er gjerne det første. Men det stanser nok ikke med det. Når man ikke greier det, så oppdager man at det er fordi motivene bakom ikke er så gode allikevel. Når det kommer til stykket så oppdager jeg at jeg har lyst til synd, jeg vil synd faktisk. Det begynner å gå galt med kampen mot synd, det er som om synden tar anledning av budet, bokstavelig slik som det står. I steden for at jeg skulle bli bedre, så går det meg ille, og jeg begynner å få se inn i et hjerte som slett ikke er så ærlig. Det er så mye småfusk, så mye uredelighet, jeg er så innvortes frynset, jeg holder ikke mål, jeg blir fratatt enhver un-

skyldning, og der står jeg. Jeg som begynte og trodde jeg skulle gjøre det så godt, jeg står der med mine forsøk fullstendig dømt og anklaget for det er ikke bare det at det har misslykkes så fullstendig for meg, men jeg ser at bakom er det en ond vilje. Det er simpelthen Gudfiendskap i meg. Jeg ser noe som jeg aldri har sett før. Og etter som dette går, så kjenner jeg hvor hård, kold, likegyldig og upåvirkelig jeg er. Resultatet er at etter kortere eller lengre tid, så står jeg overfor Gud dømt og anklaget og har ingenting å unnskylle meg med, ingenting å forsøre meg med, og det verste er at jeg vet ikke hvordan dette skal ende, for jeg ser ingen utvei og ingen fremtid. Dette karakteriserer jeg altså som det andre stadium. Og som du hører av det jeg sier, så er der en stadig større erkjennelse av hvem og hva man er egentlig i seg selv. Her er det desverre at mange blir stående. - Ordet får ikke føre dem lenger, og det kommer av at de ser ikke riktig evangeliet slik som de skulle samtidig med at de opplever desse tingene.

Når kvelden kommer så ber de om tilgivelse for sin synd, og så sier de til Gud at nå må du hjelpe meg at jeg blir bedre i morgen. Og så tenker de med seg selv at nå må jeg våke og be og ta meg sammen, og så håper de på at ved Guds kraft så skal det da bli bedre med meg. Og så kommer neste kveld, da er de like elendig. Men stadig heter det: Siden, siden, siden, siden en gang skal det vel ved Guds nåde bli bedre med meg. Det er jo nettopp det den arme sjel ikke kan begripe, sier Rosenius, at det er jo nettopp *det* den ikke har i sin makt å våke og be og ta seg i vare og bli gudfryktig. Ja, at vi ikke en gang har det i vår makt å styre våre tanker, at vi ikke en gang kan tenke noe av oss selv, men at Kristus må gjøre alt for å frlse det fortapte. Og med det kommer jeg til det som jeg vil karakterisere som det tredje, det egentlige stadium, det som loven tar sikte på og skal utrette.

Jeg må innse at der er ikke stoff i meg som Gud kan gjøre noe utav. Like siden oldkirken har det vært brukt et bilde her. Det er brukt av en av kirkefedrene, og det er brukt av Ludvik Hope, om snekkeren som arbeidet med et rottent materiale. Snekkeren kan være dyktig nok, verktøyet godt, han legger sin kraft på det, men jo mer han arbeider, desto mer kraft han legger på det, desto forttere går det i stykker. Alt sammen fordi materialet svikter. Jeg husker det var slik med meg, da jeg opplevde dette første gang, og jeg har opplevt det mange ganger siden kan du tro. Det er det med deg og med meg som vi ikke så til å begynne med: Det finnes ikke stoff i oss, det er noe som ikke Gud engang kan gjøre, det er noe som er umulig for loven fordi den er makkleslos ved kjødet — det gamle menneske som er i meg og deg. Og det som er Guds hensikt, når vi kjemper på denne måten, er å få oss til å innse at alt er forbi med oss.

Når har da loven gjort sin gjerning, spør du, og jeg svarer når du har mistet troen på deg selv. Det innbefatter at du har mistet troen på at Gud kan gjøre noe ut av deg etter dine naturlige forutsetninger. Det er ikke bare at du ikke kan noe av egen kraft, men det hjelper ikke en gang om du får Guds kraft. Det er ikke noe stoff i deg som holder. Du mister troen på deg selv, da forstår du, da er det at evangeliet for alvor kan få vise oss hva vi har i Jesus.. Og det skal vi da gå over til i vår neste leksjon.

Et personlig vitnesbyrd og et personlig råd

« — så har Herren sagt til oss: Jeg har satt deg til lys for hedningene - - » Apgj. 13, 47. Det var Paulus og Barnabas som sa dette i den Hellig Ånd. *Herren sa til oss! «Et blankt misjonærkall»* talte avdøde misjonær O. Espagren om. Det var viktig både for mi-

sjonen og misjonæren selv å ha ute på en misjonsmark.

Nu sier Guds ord tydelig at en hver ny skapning i Jesus Kristus har fått et budskap fra Herren, evangeliet overgitt: - «overgav dem eiendommen sin» (Mt. 25, 14) - «forliksordet nedlagt i oss» (2. Kor. 5). Så er vi da sendebud i Kristi sted! «Ambassadors for Christ!» Tenk så stort et kall!

Har Herren talt til oss? Til meg?

Ja, det var Han som «stanset mitt løp, tok meg igjen, reiste meg opp, løste min sjel. Nu i Hans favn lever jeg vel. Pris skje Hans navn!» Guds Ånds sa til meg, alt i 13-14 års alderen, da jeg sto fast og visste ei råd: «*Han* har gjort det.» (Salme 22, 32). Jesus på korset ordnet kristendommen din. «Jesus (ble og) er min. Alt hør meg til. Gud har meg kjær. Nåden er fri. Lyk'lig jeg er. Mer skal jeg bli!»

Gud sa til Paulus da en Satans engel plaket ham: «Min nåde er *deg* nok.» Det same ordet fikk jeg i lignende situasjon i 1926 på båten inn byfjorden til Stavanger. (Vi var da flere som kom fra Kinamisjonens årsmøtet på Karmøy.) Ordet har holdt til i dag.

Til fangevokteren i Fillipi lydde ordet: «Tro på den Herre Jesus, så skal du bli frelst, du og ditt hus.» Det same sa Herren til meg tidlig morgen den 15. sept. 1952, og jeg fikk ta det slik at det galdt evig frelse for meg og familien min. Det var helst vel mye å få vite det alt nu; men Gud visste at jeg trengte en slik trøst i de tunge dager som kom.

Det ordet om lys for hedningene, ble sagt da jødene ikke lenger ville høre Paulus' forkynnelse. De la imot og hindret derved andre å tro. Jesus har sagt om slike at det var bedre for dem om de var søkt i havets dyp med en kvernsten om halsen. «Det var nødvendig at Guds ord ble talt først til eder», sa Paulus. «Men siden I støter det fra eder og ikke akter eder verdige til det evige livet, så vender vi oss til hedningene! Apgj. 13, 46.

Og han nemner da Guds kall til seg som apostel for hedningene (v. 47). «Da hedningene hørte det, ble de glade og priste Herren.» Hedningene sine serlige gjestingstider begynte.

Det var nødvendig at Guds ord ble først talt til jødene. Der er orden i Guds rike. Og så kan ikke de si at Kristi frelsesverk, som var for alle folk, det fikk de ikke høre. De fikk jo både loven og evangeliet først.

Nu har Gud i hundrevis av år vært serlig nådig også med nasjonene uten om Israel, og ikke minst mot oss røverunger fra vikingelandet Norge. Tenk på den klare evangeliske forkynnelse med mange gjennemgripende vekkelser, (serlig i Rogaland), med sann syndenød og bot i hjertet og virkelig utfrielse fra Satans makt og til Gud. Og videre, tenk på alle de gode oppbyggelige møter og stemner, da Gud brukte oss til å formidle evangeliet til Kina.

Og resultatene da? — Ja, det har Jesus fortalt oss om i lignelsen om vingårdsmenne: «Guds rike skal tas fra eder (jødene da) og gis til et folk som bærer dets frukter.» — «Mange skal komme fra øst og fra vest og sitte til bords med Abraham og Isak og Jakob i himlenes rike.» Mat. 8, 11. «Og det skal komme folk fra øst (Kina) og vest og fra nord (Norge) og syd, og de skal sitte til bords i Guds rike.» Luk. 13, 29.

Vi kan vel si at Satan har vært bundet i mange hundre år der evangeliet ble fritt forkynt. (Mens djevelens engler og vonde ånder har nok vært virksomme til alle tider.) Men når kirkene og misjonsorganisasjonene går liberale, så er nok Satan løs igjen! («Først fra falllet». 2. Tess. 2).

Etter Guds ord i Luk 21, 24 og Rom. 11, 25, så er fylden, de frelste, av hedningene komme tinn. Og så kommer en ny gjestigstid for Israel. Over det meste av nasjonene uten om Israel er forherdelse delvis allerede kommet. Men det er nødvendig nu som før at Guds ord blir forkynt også til dem som stø-

ter det fra seg, og derved blir forherdet, så har de ingen unnskyldning på dommedag.

Så er da det hjerte-skjærende hendt med mange mennesker i vår tid, at de er kommet inn i «livets fryktelige risiko : Synden til døden. Den evige synd som Jesus kaller den, eller den utilgivelige synd». (Hallesby) « - - den er utigivelig fordi dette menneske har drept evnen til realt å erkjenne og bekjenne syndens skyld; idet man med en djævelsk logikk avparerer ethvert samvittighetens hogg. Da vet ikke Gud en gang noen råd til å frelse det menneske.» (Etter boken «Lyse utsikter i en mørk tid.» s. 33).

«De tok ikke imot kjærlighet til sannheten», sier Guds ord. Og da kan de heller ikke høre røsten av Sannhetens Konge. «Jeg er konge», bekjente Jesus for Pilatus. «Jeg er dertil kommet til verden (NB) at Jeg skal vitne for sann-

heten. *Hver den som er av sannheten hører min røst.*» Joh. 18 ,37.

Du som les dette, og som vet at du ikke har billett til himmelen, kjære sjel ta imot kjærlighet til sannheten før det blir forsent for deg å sikre deg plass i himmelen !

«Enn står Jesus og banker,
Enn går Jesus og sanker !
Ennå beder Han, Ennå leter Han,
Ennå søker Han deg !
Trette sjel, å kom !
Fra villsom vei vend om !
Jesus giver hvile !
Trette sjel, å kom !»

Med ønske om en god jul og et velsignet nytt år.

Hilsen eders

Andr. A. Bø.

Gud gav oss ikkje ei ånd som verkar motløysa

2. Timot. 1, 7 — fg.)

Apostelen Paulus skriv til Timoteus, medarbeidaren sin, at motløysa ikkje er av Gud, For Gud gav oss ikkje ei ånd som verkar motløysa, men ei ånd som verkar kraft og kjærleik og tukt.

Motløysa er mykje fárleg, for det er eit av Satans beste våpen til å uskadeleggjera Herrens vitne. Den er også ein av innfallsportane når han vil skada og øyda gudslivet vårt. Og så langt eg skynar brevet har motløysa fått innpass hjå Timoteus og gjort han arbeidsufør i Guds rike. Og han er vel ikkje den einaste som er blitt angripen av denne ånda.

Når eg ferdast ikring frå flokk til flokk, og i sommar på årsmøte og sommarskular, har lagt øyra til taler, samtaler og vitnemål er miss-motstonen tydeleg. For nokre høyrest sjukdomen ut for å vera langt framskreden, og treng til behandling av lækjar om den ikkje

heilt skal ta overhand.

Når Ordet slår fast at motløysa ikkje er av Gud, då er den Satans verk. Og kva midlar brukar han så for å skapa motløysa? Det går fram av samanhengen i brevet og dei råd apostelen gir Timoteus, og derav ser me også kva motløysa verkar hjå den truande.

Han var Paulus sin medarbeidar, og då ligg det nær å samanlikna seg sjølv og arbeidet sitt med hans. Det synest å gå fram av at apostelen minner han om den trua som bur i han og dei nådegåvane Gud har gitt han, og som han bør kveikja opp att. Det er vel ikkje ukjende ting heller for deg å samanlikna seg med andre? Med andre som du synest har fått meir enn du, med deira nådegåver og vitnemål, og med frukta eller resultatet av deira gjerning, og ditt blir så lite og ubetydeleg. Der gror motløysa lett.

På same måten går det om du samanliknar din menighet, og det kall og den gjerning du har fått frå Gud, med dei som du synest har fått meir og synest større og som det synest å lukkast betre for. På ein slik bakgrunn blir ditt så lite, ussett og misslukka, og motløysa slepp inn og du held på å gi opp.

For det andre så gjekk det nok ikkje slik Timoteus hadde tenkt. Då han kom til trua og blei Paulus sin medarbeidar, så hadde nok også han som oss sine store voner og framtidssyner. Men av dette og andre brev vil du sjå korleis det gjekk. Dei møtte motstand og forfølging og liding, så det ofte såg ut for å gå den galne vegen og undergangen i møte. Paulus kom for etten, og alle vende seg frå han (1, 15), ved hans første forsvar møtte ingen med han, alle forlet han, berre Herren sto med han og styrkte han (4, 16-17), og han enda i lekkjer og fengsel. Då såg det i sanning mørkt ut med det kall og den gjerning dei hadde fått. Nokre skeia ut i synd, mens andre forlet han på grunn av kjærleik til den noverande verda (4, 10), etter andre enda i motløysa og gav opp trua på at det nyttar.

Eg og du har vel aldri endå vore ut i så harde trengsler og prøvingar som dei møtte. Men me også hadde våre store voner og syner då me kom til trua, og då Gud kalla oss til den gjerningen han har gitt oss. Då hadde du tru på dei Gud gav oss til å forkynna ordet, og tru på at det skulle lukkast, tru på budskapet du blei frelst ved. Berre folk fekk høyrá vitna og budskapet dei forkynte, så ville der bli vekking og framgong. Få var vel klar over den vesle reven som lurte bakom: At andre skal sjå at me er og har det rette. Den reven høyrer til «dei små revane som herjar vingarden», som Skrifta seier det. Har du tenkt over korleis det ville gått om det gjekk som me tenkte?

Korleis gjekk det så? Det gjekk ikkje som me tenkte, for Gud er ein vis og nådig Gud. Det gjekk oss som det gjekk før, om ikkje i så hard grad som i Paulus og Timoteus sine da-

gar. Me møtte motstand, trengsel og forfølging og liding, og dei store vonene og draumanne uteblei. Brør forlet oss på grunn av villførande lære, eller av kjærleik til den noverande verda og dei ting som er iverda, etter andre blir gripne av motløyse og kjem i tvil på bodskapen, kallet og vitna Gud gav oss, på at det nyttar, eller ved å sjå på seg sjølv og eigen fatigdom og dugløyse og menigheten som er liten og ringe og viser liten framgong.

Motløysa førde til at Timoteus fekk lita kraft (2, 1), så han klarte ikkje lidinga og trengsla som fylgjer med kallet og tenesta, trua og tolmodet som trengs for å nå det som er lova (2, 5-7). Nådegåva blei ikkje nyttta, og han blei freista til å skjemmast over bodskapen og over Paulus som var Jesu Kristi fange (1, 8). Livsens sysler blei viktugare enn Herrens gjerning (2, 4).

Er dette ukjende ting for deg?

Den motlause ser berre alt det som er galt, det negative. Det er årsaka til at du misser synet på Jesus og trua på evangeliet, og til at livet og krafta dabbar av. Bøna og bibellesinga tar av, tanken på og synet for at folk må bli frelse like eins, og trua på at det nyttar blir borte litt etter kvart. Du klarar deg utan å høyrá Guds ord, og leiarane samlar ikkje folk om ordet så ofte som før. Kor ofte har de samlast om Guds ord i sommar? I august hadde eg møte i eit bedehus, der ei kona fortalte at det var over tre månar sidan der hadde vore møte.

Den motlause tar ikkje vare på den fagre skatten som er han overlaten. Evangeliet og Jesu Kristi vitnemål, åndens samfunn, trua og tilliten til Jesus og Ordet, og kallet og tenesta.

Her er det apostelen prøver å koma Timoteus og oss til hjelpe, ved å minna om trua og nåden som blei oss gitt, og den Ånd som verkar kraft og kjærleik og tukt. Det er så visst ikkje grunn til å skjemmast ved vår Herres vitnemål eller vitne, sjølv om me møter liding, motstand og trengsel, og det ser smått ut. Tvert om er der grunn til å lida

vondt for evangeliet i Guds kraft, for han som frelste oss og kalla oss med eit heilagt kall, ikkje etter våre gjerningar, men etter si eiga rådgjerd og den nåden som er oss gjeven i Kristus Jesus frå ævelege tider, men nå er openberra ved vår frelsars openberring, han som gjorde døden til inkjes og førde liv og uforgjengelegdom fram for Ijoset ved evangeliet (1, 8-10).

Her er den fagre skatten, som me har motteke og er kalla til å bringa vidare. For dette er eg sett til apostel og forkynnar og lærar seier apostelen (1, 11-fg.). Derfor lid eg dette men eg skjemmet ikkje ved det, for eg veit kven eg har sett mi tru til. Me skal ha Ordet og vitna til fyredøme, og fylgja deira tru og fotefar.

Bli sterk ved nåden i Kristus Jesus! Der finst ingen grunn til missmot, for han er rik nok for alle som kallar på han. Evangeliet er også i dag ei Guds kraft til frelse for kvar den som trur det, og til å bli bevart i nåden og lidinga.

Kom Jesus Kristus ihug, som har stade opp frå dei døde, av Davids ætt, etter mitt evangelium, det som eg lid vondt for like til det å vera bunden som ein ilgjerdsman — *men Guds ord er ikkje bunde!* Difor toler eg alt for dei utvalde skuld, så dei og skal vinna frelsa i Kristus Jesus med æveleg herlegdom. (2, 8—10).

Han minner om at Ordet er truverdig og han som gav oss det trufast, sjølv om me er trulause, for Han kan ikkje fornekta seg sjølv. Har me døyd med han, så skal me og leva ved han og med han. Held me ut, skal me og styra med han. Fornekta me han, skal han og fornekta oss. Er me trulause, forblir han trufast.

Me skal minna om dette, og vitna for Herrens åsyn, at me ikkje må liggja i ordstrid som ikkje er til noko gagn, men til undergang for dei som hører på, leggja vinn på å kunna stiga fram for Gud som ein arbeidar som held prøva og ikkje treng skjemmast, og halda oss

frå dei vanlege og tome orda som et om seg som daudkjøt og fører lenger i gudløysa, visa frå oss dårlege stridsspørsmål som føder strid, vekkja dei som er fanga i djevelens snara, vera viljuge til å lida vondt og læra sanningsordet retteleg. (2, 14-26).

Han minner oss om at det kjem vanskelege tider, med skin av guds frykt, men som fornekta Guds kraft — korsets evangelium. (3, 1-5) Dei skal du venda deg ifrå! Til dei hører falske lærarar, med vilførande lære, vonde menneske som kverver synet på folk, som fører vilt og fer vilt. Dei toler ikkje den heilsame læra, men tek seg sjølv lærarar i flokketal etter eigen smak, som vender seg frå sanninga til eventyr — tankeoppspinn. (3, 6-4, 4).

Men bli du ståande i det som du har lært, og som du er overtyda om, for du veit kven du har lært det av, og du kjenner alt frå barndomen dei heilage skriftene, som kan gjera deg vis til frelse ved trua på Jesus Kristus. *Heile Skrifta er innanda av Gud* og gagnleg til lerdom, til overtyding, til rettleiding, til oppseding i rettferd, så Guds barn kan bli fullkomne, dugleg til all god gjerning.

Forkynn ordet, ver rede i tid og utid, overtyd, refs, påminn med alt langmod og all læra! Men ver du ædru i alle ting, lid vondt, gjer ein evangelieforkynnars gjerning, fullfør di tenesta!

Dette er Paulus sitt siste brev og siste helsing. Nå stundar avferda til (4, 6), striden og tenesta er fullenda og rettferdskransen ventar, for han bevarte trua på Jesus.

Kom ihug førarane dykker, som har tala Guds ord til dykk! gi akt på utgangen av deira ferd, og fylg så etter deira tru! (Hebr. 13, 7).

Les apostelen Paulus si siste helsing i 2. Timot. brev, og fylg hans tru!

Velsigninga i Kristus

(Efes. 2. kap.) — Av Gudmund Hjorthaug

(Framhald frå forrige nr.)

Einskapen i Kristus, det er ikkje ein ytre, organisasjonsmessig einskap som skal binda oss saman til eitt. Det er ikkje det Jesus tar lår om. Han seier at de *alle skal vera eitt i meg*, som eg Fader i deg og du i meg. Det vil seia at det er ein einskap i ånd og liv, og ikkje berre ein ytre einskap, som dei me ovanfor har nemnt vil ha det til. Ytre einskap uten ei felles tru på Jesus, og ytre einskap uten den Heilage Ande som lever i menneskehjarta og ved trua på forsoninga i Jesus der er falsk og den er av djevelen. Det som hender idag er at djevelen tar dei fråfalte sjelene og dei fråfalte kyrkjene og lagar ei stor organisatorisk einheit, som skal stå ferdig når Antikrist kjem.

Dermed er ikkje sagt at alle som er med der ikkje er frelst. For der finst nok også der sjeler som er frelst, men har latt seg lokke og blinde så dei går med inn i dette. Her er farenn for oss alle.

Jesus seier det så klart i biletet om lekamen. Den som er eit levande lem på Jesus, og på hans lekam som er menigheten, han høyrer med til det tempel og samfunn Jesus har oppretta her på jorda. Det går ikkje an å binda ein framande lem til ein lekam, og så seie at det høyrer med til lekamen. Får ein lem kålbrand ved at blodtilførselet stoggar opp, då må den lemen fjernast om ikkje heile lekamen skal døy. Med dette biletet er det Ordet forbyd oss å pleie samfunn med sjeler som nekter forsoninga, nekter at Jesus er Gud og som ikkje er komen i levande forbindelse med Jesus, som ikkje trur og ikkje er gjenfødt, som openlyst nekta at Jesus er Gud og stedfortredar.

Når dette er sagt, kjem me tilbake til den løyndomen som nå er openberra. Det er bod-

skapen om den einskap som Gud har planlagt, i Kristus Jesus. Etter Guds plan omfattar den alle menneske, for Gud vil at alle menneske skal bli frelst og koma til erkjenning av sanninga.

I det andre kap. taler Guds Ånd gjennem Paulus om skillet mellom jøde og heidning. Frå gamal tid opererte Bibelen berre med to slags menneske, og det var jøde og heidning. Israel sto heile veien i ein serstilling, fordi dei like frå Abraham var utvalde som Herrens særskilde eiendomsfolk. Paulus tala om dette folket i Rom. 9: For dei er isralittar, dei har barnekåret og herlegdomen og paktene og lovgjerninga og gudstenesta og løftene, deira er fedrene, og frå dei er Kristus komen i kjøt, han som er Gud over alle ting, velsigna i all æva.

Slik var det med Israel. Gud valde ut Abraham, og gjorde han til stamfar for sitt eiendomsfolk.

Me høyrde sist at Gud valde ut Abraham, og gjorde han til stamfar for sitt eiendomsfolk. Gud førde dette folket på underfull vis, framom alle andre menneske på jorda. Gud gav dette folket profetar, han gav dei sitt ord, han gav dei lova, og paktene med deira lønader, og han førde dei på underfull vis gjennom ørkenen i førti år. Han bana veg for dei til Kanans land, og opna landet for dei der, og år for år viste han framfor augo på heidningefolka at dette folket hadde Gud teke på seg av. Desse folka er mitt folk, og dei skal eg beskytta så lenge som dei går på min veg.

Det var naturleg for Israel å tenkje at me er det utvalde folk framfor alle andre folk. Og heidningane såg nok dei fleste i Israel på som dei som var forbanna, den forbanna hop som ikkje kjende lova, som Bibelen uttrykkjer det. Og sjølv om der i Skriftene fanst løfter som viste lengre enn til Israel, så var der

så og seia ingen som forsto det eller såg det. Sjølv då når pinsedag var over og menigheten var ein røyndom, og Gud på ymse vis tok til å forkynne at evangeliet var ikkje berre for jødane men for alle menneske, var det vanskeleg for jødane og dei frelseste å innsjå at i dette nye Guds folk skulle også heidningane vera med. Og det var jo dei brytningane me har hørt om ut frå Galaterbrevet i denne bibelvika. Der var ein del jødechristne som forkynte at om heidningane skulle bli med måtte dei la seg omskjere og halde lova og først bli jødar, for å bli rette kristne. Det var det striden stod om.

Men så kjem Paulus her i brevet til Efeserne og fortel om denne løyndomen han hadde fått openberra frå himmelen, at evangeliet om Jesus var også eit bodskap til heidningane. Dette at heidningane også var medarvingar til Guds rike. Alle folkeslag var med då Jesus døydde for våre synder på Golgata, og det var Guds tanke og plan at dei skulle vera med i riket.

Dette blei apostelen kalla til å forkynna. - Meg den aller ringaste av dei heilage vart denne nåden gitt, å forkynne heidningane evangeliet om Guds uranskelege rikdom, seier han.

Der er altså ei kristen einheit som er sann og rett i Kristus, ei kristen einheit som blei gjort ferdig i og med Kristi fullbrakte verk. I ordet her fortel han litt om korleis grunnlaget blei lagt for denne kristne menighet, som består av både frelseste jødar og heidningar. Han seier at der var fiendskap mellom menneske og Gud og mellom jøde og heidning, men så kom Kristus og reiv ned denne fiendskapen. For han er vår fred, han som gjorde dei to til eitt og braut ned det gjerde som er skilleveggen, fiendskapen, då han ved sitt kjøt avlyste den lova som kom med bod og fyresegner, så han ved seg sjølv kunne skape dei to til eit nytt menneske, med di han gjorde fred, står det i vers 14-15.

Når Jesus kom, så var det for å fjerne skille

veggen mellom menneske og Gud hans mål og gjerning, og han fullførte verket på krossen. Me har hørt om det tidlegare at han løyste oss ut ved sitt blod, og gav oss forlating for syndene etter sin nådes rikdom. Når Jesus kom inn i ætta, blei han født som jøde, men også som Menneskesonen, og dermed blei han bror til både jøde og heidning — til heile menneskeætta. Då Johannes sto ved Jordan og peika på Jesus, så sa han ikkje sjå det Guds lam som bær Israels synd — nei, han sa : Sjå der Guds lam som ber *verda si synd!* Jesus er grunnlaget for menigheten av alle folkeslag, av di han tok all synd og *alle menneske si synd* på sin lekam og bar den opp på treet og ruppe den unna. Der var ingen unnateken, ingen blei gløymt, all verda si synd blei lagt på *Han!*

Apostelen minner om at heidningane, som før var langt borte, er komne nær til ved Kristi blod. De som var uten Gud og uten von, de er komne nær ved det offer Jesus gjorde — ved Kristi blod. Det lammet som tok verda si synd på seg, opna veg like inn i heilagdomen for meg og deg og alle heidningar. I Jesu blod har me ein open veg og friom til å gå inn i heilagdomen. (Hebr. 10, 19) Gud var i Kristus og forlikte verda med seg sjølv, så han ikkje lenger tilreknar oss missgjerningane våre (2. Kor. 5).

Kristus samlar både jøde og heidning i sin lekam, og så møtte han fram for Guds åsyn med heile ætta til forlik, og kjøpte oss fri frå lova si forbanning og domen i helvete. Han gjorde det mogeleg, for jøde som heidning, å bli frelseste ved trua på Jesus. I og med at han reiv ned fiendskapen mellom oss og Gud, så reiv han også ned fiendskapen mellom jøde og heidning, og gjorde oss båe to til eit i Kristus. Han som einar oss i trua på Jesus, i ei Ånd og ei tru og ein kjærleik.

Det er tre fine uttrykk i ordet her om Jesus og det verket han gjorde. Først står det at *Han gjorde fred*, og det gjorde han ein gong for alle på krossen. Så står det at *Han er vår*

ordet ned i oss og formanar ved oss, så me i Kristi stad skal formana sjelene til å la seg forlik med Gud (2. Kor. 5).

Så sant du har fått tru deg frelst og lever i trua på Jesus, så er du kalla og utvalt og utskilt frå å tene deg sjølv til å tene den Herre Jesus. Eg kjenner trang til å spørja deg om korleis det står til med di teneste?

Det var sagt her forrige kvelden at me som er frelst eig ikkje oss sjølv, men me tilhøyrer den Herre Jesus og menigheten. Han har kjøpt oss og betalt og vunne oss med sitt blod. De er dyrt kjøpte. Like sikkert som alt hans er ditt, så er alt ditt hans eigedom.

Kor mykje brukar du av di tid og dine gäver på eige alter, til eigen luksus og eiga nyting og eigne interesser, og kor mykje til teneste for evangeliet og menigheten? Det du har gjort mot ein av mine minste små, det har du gjort imot meg, seier Jesus.

Eg må tilstå at eg for min del har svært møyde med slike spørsmål, men eg veit det at eg og du ein dag skal fram for Kristi domstol. Då skal det bli oppgjort korleis me har brukt nådelivet og nådetida Herren gav oss, og korleis me har forvalta det evangeliet Jesus har overlate oss til vår eiga og andres frelse.

fred, og det er han på den måten at han syner seg fram for Guds åsyn i vår stad. For det tredje står det at *Han forkynnte fred*, og den forkynner han framleis gjennom evangeliet. Alt dette hører med.

Dette at han forkynner fred, forkynner evangeliet om Jesus, det er vår einaste mogelege veg til å bli med i den frelseste menighet, bli med under blodet og krossen sin bodskap frå Golgata. Sei meg, er du blitt med her? — du som set her i kveld eller les dette?

Denne bygningen, dette samfunnet, denne menigheten, denne fullkomne einskapen i Jesus, den er over alt der dette evangelium blir forkyst og trutt og får gjenfø sjela til samfunn med Jesus. Her er det ikkje spørsmål om mange eller få, for der to eller tre er samla i hans namn, der denne bodskapen blir forkyst og trudd, der er menigheten og der openberrar han seg framom alle andre stader. Og kor ofte har ikkje me erfare det? Lova vere hans namn, som oppfyller sine lovnader gong på gong! Der møter Jesus sine, der talar han både tukt og trøst til sjela, der mettar han sjela med brødet frå himmelen og forkynner fred så lenge nådetida varer.

Skal Guds rike gå fram etter Guds plan, og sjelene skal få høyra evangeliet og ved evangeliet nå inn i den ferdige frelse, inn i dette heilage samfunn, inn i menigheten, så må evangeliet forkynnast av meg og deg og alle som har fått del i det. Det er ikkje berre misjonærar og forkynnarár, og andre med ser skilde oppdrag, som er kalla til å bera evangeliet fram, men Ordet lærer klart og tydeleg at alle som har motteke evangeliet er sendebod i Kristi stad. Gud sjølv har lagt forliks-